



Skuleplassen har ein allsidig bruk (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Utvikling, arbeidsgruppa for Kultur, turisme og friluftsliv.
vil ta kontakt med Rabben feriesenter og Øyro Marina for
skilting frå fylkesvegen til oppstillingsplass for bubilar.**

Vi inviterer alle med bubilar og comingvogner til oppstilling på tilvist og eigna areal i Uskedalen. Alle skal føla at dei er velkomne til turistbygda Uskedalen.

Om bruken av den gamle skuleplassen i sentrum:

Plassen har i dagein allsidig bruk for mange brukargrupper. Det er ein styrke ha ein slik plass i sentrum av ei bygd. Ein plass går likevel ei grense og vi ynskjer på sikt ei regulering av plassen.

Dette bør avklarast i samband med Stadanalysen og evt. etterfylgande reguleringsplan (sentrumsplan)

Dagens bruk er mellom anna:

- Plassen er ein del av vegsystemet fram til bustadhus, kyrkja og campingplass
- Plassen vert brukt til korttidsparkering v/ arrangement og handel
- Plassen vert brukt til langtidsparkering med og utan løyve frå grunneigar, Kvinnherad kommune
- Plassen vert brukt til torghandel
- Plassen er rasteplass med informasjonstavle
- SIM brukar plassen til levering og henting av bos
- På plassen står natur- og kulturminne: Grano og bautastein frå 1914
- Til plassen høyrer eit grøntareale, godt eigna til leike- og rekreasjonsområde
- Transportselskap og entreprenørar brukar plassen til av- og pålessing og delvis korttidslagring av utstyr
- Nokre transportselskap brukar plassen til kvileplass

Med alt dette og meir til skjønar alle at det lett kan bli kaos og vanskeleg å finna eit system i bruken. Dette ynskjer vi å gjera noko med saman med eigar, Kvinnherad kommune

Plassen har to bruksnummer og er i kommunal eige.

Gamleskulen (Cafe TI-aren) er oppmålt, utskild med eige bruksnummer

Av Kriatian Olav Bringedal

